

## MØTEBOK ULLENVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Fredag 19.januar 2018

E-postveksling i styret.

**Desse møtte:** Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

**Saker til styremøtet:**

**UFS 01/18: Gåve til Reinsdyrlaget Folgefonnahalvøy SA i høve  
90-årsjubileum for laget**


Steinar Langesæter/s/    Jørund Kvestad/s/    Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/    Synnøva Sæbø/s/

**Kopi til:**

Fjellstyremedlemmer  
Varamedlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstyresamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Odda kommune  
Ullenvang herad  
Hardanger Folkeblad



## UFS 01/18: Gåve til Reinsdyrlaget Folgefonna halvøy SA i høve 90-årsjubileum for laget

### Saksdokument:

#### Saksutgreiing:

Reinsdyrlaget Folgefonna halvøy feirar 90-årsjubileum no fyrstkommande laurdag. Fjellstyret blei på kort varsel invitert til feiringa. Leiar i fjellstyret har kome med eit forslag om at fjellstyret gir 5000,- som gåve til laget i høve jubileet.

Sidan dette skjer allereie no til helga må fjellstyret må stilling til dette på kort varsel, og via e-post.

Frå Brønnøysundregistrene finn eg følgjande info:

Reinsdyrlaget Folgefonna halvøy er organisert som eit samvirkeforetak, med sektorkode privat aksjeselskap. Dei har vedtektsfesta føremål å "Nytta ut reinbeita på Folgefonna halvøya ved å ha reinsdyr der." Under verksam/art/bransje står det: "ivareta reinsdyrsflokkene på best mogleg måte. Driver ikkje næringsvirksomhet."

Laget har partseigarar frå bygdene rundt Folgefonna halvøya.

Styreleiar stiller spørjeteikn ved om styremedlemmer som er partseigarar i laget er inhabile. Dette gjeld Steinar Langesæter og Jørund Kvestad (og varamedlem Jan Asbjørn Utne). Begge er partseigarar, og Steinar Langesæter er i tillegg varamedlem i styret. Sakshandsamar si vurdering er at sidan laget ikkje er eit kommersielt føretak, dvs. at dei ikkje driv næringsverksam, så er dei ikkje inhabile.

Eg ber fjellstyret om å ta stilling til:

1. Er Steinar Langesæter og Jørund Kvestad habile? Dersom nokon meiner dei ikkje er habile ber eg om å få melding om det straks, slik at vara kan kallast inn.
2. Framlegg frå styreleiar: Ullenvang fjellstyre gir 5000,- i gåve til Reinsdyrlaget Folgefonna halvøy i høve 90-årsjubileumet.

Eg ber om ei tilbakemelding frå styremedlemmene seinast fredag 19. januar kl. 1200.

#### Framlegg til vedtak:

Ullenvang fjellstyre gir 5000,- i gåve til Reinsdyrlaget Folgefonna halvøy i høve 90-årsjubileumet.

**Referat:**

Styremedlemmene stilte seg bak framlegg til vedtak. Det var ingen som meinte Steinar Langesæter og Jørund Kvestad var inhabile.

Det blei peika på at heimelen for vedtaket ligg i fjellova § 11:

*«Er overskotet større enn det som trengst til tiltak innan allmenningen, kan det av det overskytande løvvast midlar til føremål som tek sikte på å styrke næringsgrunnlaget i dei bygdene som har rett til allmenningsbruk. Med samtykke frå departementet kan det også løvvast midlar til ålmennytige føremål i desse bygdene.»*

Jf. rundskriv frå Statskog datert 12.01.2012 kan fjellstyret disponere inntil 5 % av bruttoinntektene til ålmennytige føremål, innanfor ei ramme på 20.000,-. Innanfor denne ramma står fjellstyret fritt til å tildele midlar til ålmennytige føremål.

**Vedtak (sak UFS 01/18):**

Ullensvang fjellstyre gir 5000,- i gåve til Reindsdyrlaget Folgefonnahalvøy i høve 90-årsjubileumet. Vedtaket er gjort med heimel i fjellova § 11. Samrøystes vedteke.